



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

Statsforvaltaren orienterer med dette om at vi har mottatt ein søknad om utgreiing av grensejustering av øyane Ona og Sandøy frå Ålesund kommune til Aukra kommune (sjå søknad av 6. oktober 2022 i vedlegg 1). Søknaden er sett fram av Oddgeir Viken og Arve Linningsvoll på vegne av fleire innbyggjarar på Ona og Sandøy.

Grunneigar Pål Gaasøy har bedt om at øya Gåsøy blir tatt med ved ei eventuell grensejustering av Ona og Sandøy (sjå brev av 12. oktober 2022 i vedlegg 2).

Representantskapet i Romsdal interkommunalt råd har sendt inn ei støtteerklæring til søknaden (sjå e-post av 12. oktober 2022 i vedlegg 3).

Vidare saksong

Ein innbyggjar i ein kommune har etter inndelingslova § 8 ein rett til å søke om at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering. Søknaden skal vere skriftleg, grunngjeve, innehalde forslag til nye grenser og sendast til Statsforvaltaren i det området saka gjeld. Det er Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som avgjer om det skal settast i gong utgreiing av ei grensejustering.

Statsforvaltaren ber kommunane Aukra og Ålesund om å gi ei uttale til søknaden før saka blir sendt over til KDD.

Frist for uttale er sett til 8. desember 2022.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
fagdirektør

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg

- 1 – Søknad om grensejustering
- 2 – Brev frå Pål Gaasøy
- 3 – E-post frå Romsdal interkommunalt politisk råd

Kopi til:

Oddgeir Viken	Onagarden 10	6298	ONA
Arve Linningsvoll	Linningsvegen 31	6297	Sandøy

Mottakere:

ÅLESUND KOMMUNE	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
AUKRA KOMMUNE	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA